

God påmelding til Bøkkerkvelden

27.06.2014



Kystkultur: Forthuna

**Det er god påmelding til Bøkkerkvelden i morgen, laurdag. Det er likevel plass til 10 – 15 gjester til.
Meld dykk på mobil 915 31 487.**

Programmet vert gjennomført slik det er kunngjort og omtalt før på nettsida.

Nytt er å mælda at det den siste veka er det laga skjørt på kaien, noko som gjer at det er langt betre å fortøya og leggja til.

Gledeleg er det og at av dei påmelde, er det gjester frå Bergen, Stavanger, Haugesund og Stord.

Det er knytta stor interesse til Arne Møller og Runar Myklebust si motorskøyte FORTHUNA.

Det same gjeld overlevering av byggeskiltet til DS AALVIK frå 1929.

Bodskapen er spreidd på gamle HSD sine Facebooksider.

Arrangøren oppmodar alle parkera på plassen oppe ved fylkesvegen.

Programmet tek til ute på kaien seinast kl. 21

Med dette er det sagt at alt ligg vel til rettes for ein tradisjonsrik og innhaldsrik kystkulturveld på Bøkkerverkstaden.



Topp jazz!

Tekst: Kristian O. Bringedal

Foto: Ola Matti Mathisen

Nett: Thor Inge Døssland